



# Gloppen kommune

Stab og støtte

Enivest

v/Ole Ingar Haaland

**Vår ref. (oppge ved svar)**

18/4306

**Dykkar ref.**

**Dato**

26.03.2018

## Val av leverandør for restutbygging av NGA i Gloppen kommune

Gloppen kommune viser til utlysing av anbod på utbygging av rest-breiband i kommunen og vel Enivest som tilbydar.

Ved den reviderte tidsfristen 23. mars 2018 kom det inn to tilbod frå høvesvis Telenor og Enivest. Begge tilboda stettar krava NKOM har sett til NGA og er innanfor dei krava som Gloppen kommune har sett. Vi er svært glade for at vi fekk inn to tilbod og vil gje honnør til begge leverandørane for kvaliteten på dei tilboda vi har fått.

Teknisk sett har de begge hovudsakleg tilbydd fiber, men med andre tekniske løysingar der de vurderer ei fiberløysing for å vere for dyr. Telenor har tilbydd fiber til alle med unntak av 18 husstandar (Skeistrand, Skjerdal, Hunskår) medan Enivest har tilbydd fiber til alle med unntak av 3 husstandar (Skeistrand, Hyeneset).

Økonomisk er dei to tilboda utforma ulikt ved at Telenor krev eit tilskot frå kommunen som dekker heile utbygginga, medan Enivest har splitta tilskotet på ein del frå kommunen og ein utvida brukarbetaling til dei som tek løysinga i bruk. Kommunen har opna for ei slik splitting i tilbodsinnbydinga. For å gjere den økonomiske delen av tilboda samanliknbare har Gloppen kommune valt å summere det offentleg og det private tilskotet i Enivest sitt tilbod. Telenor tilbyr seg å byggje ut for 12,6 mill kr. Enivest tilbyr seg utbygginga for eit tilskot på 9 mill kr frå kommunen og ei utvida brukarbetaling på 5000 kr per husstand. Dette gir 2.610 mill kr i utvida brukarbetaling for tilsaman 522 husstandar. Tilbodet frå Enivest har dermed ei øvre ramme på 11.610 mill kr.

Oppsummert gir dette at Enivest tilbyr fiber til flest innbyggjarar til den lavaste prisen og er dermed det økonomisk mest fordelaktige. Gloppen kommune vel difor Enivest som leverandør. Inngåing av kontrakt er avhengig av politisk godkjenning i kommunestyret 25. april 2018.

Vennleg helsing

Geir Liavåg Strand  
organisasjonssjef  
Tlf. 951 91 753

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Adresse**

Grandavegen 9, 6823 Sandane

**Telefon**

57 88 38 00

**Org.nr**

964 969 124

**E-post**

post@gloppen.kommune.no

**Internett**

www.gloppen.kommune.no

